

Evaluering «Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule», Hafstad, Sogndal og Stryn vgs.

Kriteria:

1. *Tal søkjarar og tal inntekne elevar som og gjennomfører utdanning gjennom satsinga spissa idrettstilbod.*
2. *Reduksjon i tal elevar frå Sogn og Fjordane ved toppidrettstilbod i andre fylke, offentlege og private. Grunnlaget for evaluering er HO- sak 1/12, oversikt over tal elevar i toppidrettstilbod i andre fylke 2011-2012.*
3. *Resultat/prestasjonar oppnådd undervegs og ved fullført vidaregåande opplæring:*
 - a. *uttak til/deltaking i prestasjonsgrupper på særforbunds nivå som landslag eller satsingsgruppe.*
 - b. *oppnådde plasseringar i nasjonale eller internasjonale stemner, t.d. medalje i NM og/eller plassering i seriesystem*

Tilbakemelding i høve punkt 2. Oversikt tal vgs-elevar som har reist ut på toppidrettstilbod i andre fylke 2012/2013 og 2013/2014.

Fotball:

2012/2013 (Vg3 f. 1994)

Stine Pettersen Reinås f. 1994. Flytta frå Sogndal til Trondheim for å kombinere fotballsatsing og vidaregåande skule. Klubb: Kattem. Skule: (Trondheim Katedralskole). Midtstoppar.

Landslagsspelar.

Kristin Sørstrand Æsøy f. 1994. Flytta frå Florø til Bergen for å kombinere fotball og vidaregåande skule. Klubb: Åsane. Skule: U.Pihl VGS. Sentral midtbane.

(Vg2 f. 1995)

Aaron Nyemah f. 1995. Flytta frå Sandane til Bergen for å kombinere fotball og VGS. Klubb: Brann. Skule (ukjent), Spiss.

Ida Katrine Pedersen Nesse f. 1995. Flytta frå Høyanger/Nessane til Bergen for å kombinere fotball og VGS. Klubb: Åsane. Skule: U. Pihl. Spiss/kant.

Sigrid Heien Hansen f. 1995. Flytta frå Sandane til Ålesund for å kombinere fotball og VGS. Klubb: Fortuna Ålesund. Skule: Ålesund VGS. Midtbanespelar. **Landslagsspelar.**

(Vg1 f. 1996)

Isak Gangeskar f. 1996. Flytta frå Selje til Molde for å kombinere fotballsatsing og vidaregåande skule der. Keeper. Klubb: Molde. Skule: Ukjent.

Jacob Storevik f. 1996. Flytta frå Naustdal til Trondheim for å kombinere fotballsatsing for og vidaregåande skule. Klubb: Rosenborg. Skule: Strinda Videregående skole. Keeper.
Landslagsspelar.

2013/14

Vg 2 f. 1996

Sara Eriksen f. 1996. Flytta frå Førde til Bergen. Klubb: Sandviken. Skule: (Ukjent).

Vg 1 f. 1997

Oliver Rotihaug f. 1997. Flytta frå Nordfjordeid til Bergen. Klubb: Brann. Skule: Tertnes VGS.
Kantspelar.

Skiskyting:

2012/2013; Andrea Skeide Bakke, Stårheim på Lillehammer NTG (også 13/14)

2013/2014; Karoline Erdal, Førde på Geilo NTG

Isak Flo Bødal, Stårheim på Lillehammer NTG

Volleyball:

Skuleåret 2012/2013

1 elev vart teken opp på Toppvolley Norge (Denne eleven kom tilbake til fylket og starta på Firda vgs. skuleåret 2013/2014).

Skuleåret 2013/2014

Ingen reiste ut av folket for å starte på volleyball.

Tilbakemelding i høve punkt 3. Resultat/prestasjonar oppnådd undervegs og ved fullført vidaregåande opplæring

Sogndal vidaregåande skule:

Elev/utøvaroversyn

94-

Vårin Ness	KIL	1. Divisjon	
Guro Øydvin	KIL	1. Divisjon	Landslag
Sindre Rydvang SIL 2		3. Divisjon	

95-

Ida Dalanker	KIL	1. Divisjon	
Stefan Aase	SIL	Tippeliga	Landslag
Peter Aase	SIL	Tippeliga	Landslag
Kristoffer Valsvik	Florø	2. Divisjon	
Bjørnar Hove	SIL 2	3. Divisjon	

Martin Trøen	SIL	Tippeliga	Landslag
Matias Dyngeland	SIL	Tippeliga	Landslag
Martine W Nesse	KIL	1. Divisjon	

96-

Asgrim Farnes	SIL	Satsningsgruppe	
Runar Heggstad	SIL	Satsningsgruppe	
Bjørn Inge Utvik	SIL	Tippeliga	Landslag
Kenneth Skjerven	SIL 2	3. Divisjon	
Karsten Bjelde	SIL 2	3. Divisjon	
Simen Stølen	SIL 2	3. Divisjon	
Håvard Mjelleli	SIL 2	3. Divisjon	
Endre Reinås	SIL 2	3. Divisjon	
Synne Christiansen	KIL	1. Divisjon	
Karianne K Gurvin	KIL	1. Divisjon	

97-

Joar Tryti	SIL	Tippeliga	
Andrea Hopen	KIL	1. Divisjon	
Anne M Lingjerde	SIL	3. Divisjon	Landslag
Ingri Ness	KIL	1. Divisjon	
Ingrid Nornes	KIL	1. Divisjon	
Marte G Stølen	KIL	1. Divisjon	Landslag

Evaluering fotball 2012/13 – 2013/14

94-

Vårin Ness KIL 1. Divisjon

Bakgrunn:

Vårin er kretsmeister, og har vunne både Sognefjord Cup og Norway Cup med moderklubben Sogndal. I 2011 vart ho toppscorar på Sogndal sitt damelag i 3.div. Vinteren 2011/12 melde ho overgang til Kaupanger som eit steg vidare i karrieren.

Utvikling undervegs:

Ho har hatt fast plass, og vart den nest mest scorande på 2.divisjonslaget sesongen 2012. Mellom anna scora ho det avgjerande målet i opprykkskampen mot Urædd som sendte Kaupanger opp i 1.divisjon. I sesongen 2013 har Vårin spela fast på Kaupanger sitt lag i 1. divisjon, og står bokført med 18 kampar og 4 mål. Ho har i tillegg ved fleire høver vore på treningsopphald hjå Toppserielaget Sandviken.

Guro Øydvin KIL 1. Divisjon Landslag

Bakgrunn:

Guro vart for fyrste gang teken ut på aldersbestemt landslag våren 2011 med uttaket til J-17. Seinare har ho også spelt kampar for J-19 landslaget. Vinteren 2011 meldte ho overgang til Kaupanger for å ta steget vidare i karrieren.

Utvikling undervegs:

Guro har spela fast for Kaupanger sitt damelag sidan ho kom til klubben i 2011. Sesongen 2012 var ho ein sterk bidragsytar med opprykket til 1. divisjon (16 kampar). I sesongen 2013 spelte Guro 11 kampar i 1. divisjon og var ein viktig del av laget som behaldt plassen i 1. divisjon. Skader har ført til at ho ikkje fekk same tal kampar som året før.

Sindre Rydvang SIL 2 3. Divisjon

Bakgrunn:

Sindre har vore med i SIL2 sin treningsgruppe sidan vinteren 2011. Måleretta trening over tid har ført til at Sindre vert sett på som eit prakteksempelar i høve måleretta og systematisk trening. Han hadde 7 kampar for Sogndal 2 i 4. divisjon i sesongen 2011

Utvikling undervegs:

Sesongen 2012 var Sindre med i treningsgruppa til Sogndal 2. Sogndal 2 rykka opp til 3.divisjon dette året med Sindre fast på laget. Sesongen 2013 spela Sindre 7 kampar for Sogndal 2 i 3.divisjon. Han var fortsatt ein viktig del av treningsgruppa til Sogndal 2, og for Sogndal 3 sitt lag i 4.divisjon i dei kampane han hadde for dette laget.

95-

Ida Dalaker KIL 1. Divisjon

Bakgrunn:

Ida har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK. I 2012 var ho med i spelarstallen til Kaupanger som rykkte opp til 1.divisjon. Ho spela 10 kampar denne sesongen.

Sesongen 2013 spelte Ida 19 kampar for Kaupanger, og var ein viktig bidragsytar for at laget behaldt plassen i 1. divisjon.

Stefan Aase SIL Tippeliga Landslag

Bakgrunn:

Stefan kom til Sogndal hausten 2011 som spelar på Florø sitt seniorlag i 3.divisjon. Etter sesongen fekk han kontrakt med Sogndal A-lag. Han har også fleire aldersbestemte landskampar for Noreg.

Utvikling undervegs:

Stefan meldte i 2012 overgang til Florø og fullførte VGS på Flora VGS.

Peter Aase SIL Tippeliga Landslag

Bakgrunn:

Hausten 2012 var Peter ein del av Sogndal sin spelarstall i Tippeligaen. Diverre førte skader til at han ikkje var aktiv.

Utvikling vidare:

Våren 2013 meldte Peter overgang til Florø og fullførte VGS på Flora VGS.

Kristoffer Valsvik Florø 2. Divisjon

Bakgrunn:

Kristoffer har vore med på mange ulike kretstiltak i SFFK regi. Han har fram til sesongen 2012 spelt ei sentral rolle for Vik sitt seniorlag i 3. og 4. divisjon.

Utvikling vidare:

Hausten 2013 meldte Kristoffer overgang til Sogndal og vart ein del av Sogndal 2 si treningsgruppe. Han spela 7 kampar på haustsesongen for Sogndal 2 i 3. divisjon. Våren 2014 meldte Kristoffer overgang til Florø og har fått fleire kampar i 2. divisjon.

Bjørnar Hove SIL 2 3. Divisjon

Bakgrunn:

Bjørnar har vore med på mange ulike kretstiltak i SFFK regi. Han har vore ein del av Sogndal2 si treningsgruppe samt stått på «B-lista» til Sogndal A-lag. Som kaptein for Sogndal2 har han i ei årrekke vore ein sentral spelar i 3. og 4. divisjon.

Utvikling vidare:

Våren 2014 meldte Bjørnar overgang til Florø og fullførte VGS på Flora VGS.

Martin Trøen SIL Tippeliga Landslag

Bakgrunn:

Hausten 2013 meldte Martin overgang til Sogndal. Han har vore med på fleire aldersbestemte landslag og hatt kampar for Eidsvoll TF i 2. og 3. divisjon.

Utvikling vidare:

Martin har hatt fleire landslagsoppdrag hausten 2013, vinteren 2013/14 og våren 2014. Han har vore ein del av Sogndal sitt a-lag og vore i troppen til fleire Tippeligakampar.

Matias Dyngeland SIL Tippeliga Landslag

Bakgrunn:

Hausten 2012 meldte Mathias overgang til Sogndal frå Fana. Han har vore med på fleire aldersbestemte landslag samt spelt mange kampar for Fana i 2. divisjon.

Utvikling vidare:

Mathias har sidan hausten 2012 vore ein del av spelargruppa til Sogndal a-lag. I tillegg har han hatt fleire oppdrag med ulike aldersbestemte landslag. Sesongen 2014 har han vore fast fyrste keeper for Sogndal i Tippeligaen og blitt utteke til å representere Noreg på U21-landslaget.

Martine W Nesse KIL 1. Divisjon

Bakgrunn:

Martine har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK samt vore med på aldersbestemt landslag for Noreg. Ho har vore ein sentral aktør for Kaupanger sitt damelag i 1. og 2. divisjon sidan overgangen frå Balestrand før 2011 sesongen.

Utvikling vidare:

Martine var ein særskild viktig spelar for Kaupanger då dei tok steget opp i 1. divisjon sesongen 2012. Ho var også sentral på laget sesongen etter då dei beholdt plassen. I tillegg har Martine ved fleire høver hatt treningsopphald med Toppserieklubben Arna/Bjørnar.

Asgrim Farnes SIL Satsingsgruppe**Bakgrunn:**

Asgrim har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK samt delteke på Statoil regionsamling. Etter overgangen frå Balestrand hausten 2012 har Asgrim vore ein del av Sogndal Fotball si satsingsgruppe.

Utvikling vidare:

Sesongen 2013 var Asgrim ein sentral spelar for Sogndal2 i 3. divisjon med 18 kampar og 7 mål. Denne sesongen har diverre Asgrim vore langtidsskada, men han er fortsatt ein del av Sogndal Fotball si satsingsgruppe og ein spelar klubben ser eit stort potensiale i.

Runar Heggstad SIL Satsingsgruppe**Bakgrunn:**

Runar har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK . Han har vore ein satsingspelar i Sogndal Fotball ei god stund og var mellom anna med a-laget på treningsleir før sesongen 2012.

Utvikling vidare:

Runar er ein del av Sogndal Fotball si satsingsgruppe og har vore med i troppen til a-laget ved fleire kampar. Sesongen 2013 og 2014 har gjeve han mange kampar for Sogndal2 i 3.divisjon.

Bjørn Inge Utvik SIL Tippeliga Landslag**Bakgrunn:**

Bjørn Inge kom til Sogndal våren 2013 etter overgang frå Haugesund. Han har vore med på ein rekkje aldersbestemte landslag og ein rekkje krets og regionstiltak.

Utvikling vidare:

Våren 2013 fekk han sin debut i Tippeligaen. Hausten 2013 var Bjørn Inge ein del av spelartroppen til Sogndal, og var med i kamptroppen resten av sesongen. Hausten 2013, vinteren 2013/14 og våren 2014 var Bjørn Inge ein sentral spelar på G18/19 landslaget i EM-kvalifiseringsspel. Våren 2014 etablerte han seg som fast spelar i Tippeligaen for Sogndal.

Kenneth Skjerven SIL 2 3. Divisjon**Bakgrunn:**

Kenneth har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK. Han spelte fast på Vik sitt seniorlag i 3.divisjon til og med sesongen 2013.

Utvikling vidare:

Etter sesongen 2013 meldte Kenneth overgang til Sogndal. Der har han vore ein del av treningsgruppa til Sogndal2 og ein sentral spelar for 3.divisjonslaget til Sogndal. Han har teke steget opp i Satsingsgruppa til Sogndal Fotball, har hatt fleire treningar med Sogndal A-lag, samt er på «b-lista» til Tippeligaspel.

Karsten Bjelde SIL 2 3. Divisjon

Bakgrunn:

Karsten har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK samt delteke på Statoil regionsamling. Han har vore ein del av treningsgruppa til Sogndal2.

Utvikling vidare:

Sesongen 2013 hadde Karsten fleire kampar for Sogndal2 i 3.divisjon. Vårsesongen 2014 hadde han også fleire kampar for Sogndal2 før han hausten 2014 meldte overgang til Stryn og fullfører VGS på Stryn VGS.

Simen Stølen SIL 2 3. Divisjon

Bakgrunn:

Simen har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK. Han har sidan overgangen frå Dale (4.divisjon) til Sogndal hausten 2012 vore med i treningsgruppa til Sogndal2.

Utvikling vidare:

Sesongen 2013 samt vårsesongen 2014 var Simen ein del av treningsgruppa til Sogndal2 og hadde fleire kampar for Sogndal2 i 3.divisjon. Han vart vinteren 2013 kåra til årets utviklingsspelar for Sogndal2.

Håvard Mjelleli Sil 2 3. Divisjon

Bakgrunn:

Håvard har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK. Han har vore med i treningsgruppa til Sogndal2 sidan vinteren 2012.

Utvikling vidare:

Håvard er i treningsgruppa til Sogndal2, og har sesongen 2014 hatt fleire treningar med Sogndal A-lag.

Endre Reinås SIL 2 3. Divisjon

Endre har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK. Han har vore med i treningsgruppa til Sogndal2 sidan hausten 2012.

Utvikling vidare:

Sesongen 2013 var Endre ein del av treningsgruppa til Sogndal 2.

Synne Christiansen KIL 1. Divisjon

Bakgrunn:

Meldte overgang til Kaupanger før sesongen 2012. Var sentral på laget som rykte opp til 1.divisjon. Har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK samt regionssamlingar. Hospiterte med Arna/Bjørnar sommaren 2012.

Utvikling vidare:

Synne har etablert seg som toppscorar for Kaupanger i 1. divisjon, og var ein viktig bidragsytar for laget som behaldt plassen i divisjonen i sesongen 2013.

Karianne K Gurvin KIL 1. Divisjon

Bakgrunn:

Meldte overgang til Kaupanger før sesongen 2013. Var med på laget som beholdt plassen i 1.divisjon. Har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK

Utvikling vidare:

Spelar for Kaupanger i 1.divisjon.

97-

Joar Tryti SIL Tippeliga

Bakgrunn:

Joar meldte overgang til Sogndal etter sesongen 2013. Han har vore med på ein rekkje tiltak i regi av SFFK , samt regionale samlingar. Han har trent fast med Sogndal A-lag sidan sommaren 2013.

Utvikling vidare:

I løpet av sesongen 2014 har Joar ved fleire høver vore med i kamptroppen til Sogndal A-lag i Tippeligaen. Han har spelt ei sentral rolle i 3.divisjonslaget Sogndal2.

Andrea Hopen KIL 1. Divisjon

Bakgrunn:

Andrea har vore med på ei rekkje tiltak i regi av SFFK, vorte Kretsmeister med Sogndal og vore i kvartfinale i J16 NM.

Utvikling vidare:

Før sesongen 2014 meldte Andrea overgang til Kaupanger i 1.divisjon. Der har ho etablert seg som fast spelar på laget. Ho har også hospitert med Toppserieklubben LSK kvinner Elite.

Anne M Lingjerde SIL 3. Divisjon Landslag

Bakgrunn:

Anne Marte meldte overgang til Sogndal i 3.divisjon før sesongen 2013. Ho har også vore med på ein rekkje tiltak i regi av SFFK.

Utvikling vidare:

Anne Marte står fast for Sogndal i 3.divisjon og hospiterer fast med Kaupanger sitt fyrstedivisjonslag. Vinteren 2014 vart ho teken ut på J17 landslaget, og var med på samling i Italia.

Utfyllande kommentarar frå Sogndal vgs.

Sogndal vgs har i lenger tid samarbeida med Sogn og Fjordane Fotballkrets, Sogndal Fotball og Kaupanger IL om tilrettelegging og utvikling av fotballspelarar. Gjennom prosjektet «spissa toppidrett» har vi fått rammer til å utvide samarbeidet ytterligare.

Kaupanger og Sogndal vgs har lenge hatt eit godt samarbeid, m.a. i samband med prosjektet «toppidrettsutvikling 16-19 år». Gjennom «spissa toppidrett» har samarbeidet fått høve til utvikle seg endå eit steg. Alle jentespelarane er med på treningsopplegget til Kaupanger IL. Gjennom prosjektet har skulen fått høve til å knytte til seg Kaupanger trenarar til å ha undervisning i skuletida (ei fotballøkt samt ei styrketreningsøkt). Desse øktene er ein naturleg del av treningane i løpet av ei veke, og fleire av spelarane som ikkje går på vgs er også med på dette.

Samarbeidet mellom Sogndal Fotball og Sogndal vgs har utvikla seg enormt etter at prosjektet «spissa toppidrett» vart sett i gang. Sogndal vgs og Sogndal legger til rette for at toppspelarar skal kunne fullføre utdanning, samtidig som dei deltek på treningar og kamp med Tippeligalet.


Dette kan gjerast grunna ressursbruk på ein koordinator samt midlar frie til å setje inn ekstra undervisning i fag som trenger det. Vidare har Sogndal Fotball bidrege med å ha med ein vgs lærar på treningsleir, for at lærar skal kunne følgje opp skularbeid på samling.

Faglærer i toppidrett har også blitt engasjert som assistent trenar for rekruttlaget til Sogndal2 og har så leis endå tettare oppfølging av dei fleste elevane knytt til prosjektet.

Skulen har gjennom dette prosjektet også fått høve til å utdanne sine egne trenarar innan fotball gjennom trenarkurs som Sogn og Fjordane Fotballkrets(SFFK) har arrangert. Skulen og SFFK har også samarbeida om avviklinga av UEFA B-lisens trenarkurs, som igjen har vore med på å styrkje kompetansen til fotballmiljøet i og rundt skulen. Skulen sine fotballtrenarar har også hatt treningsoppdrag gjennom kretstiltak i regi av SFFK.

For skulen, og dei utøvarane som har vore med, har prosjektet hatt stor innverknad i høve til rammefaktorar som gjev moglegheiter for heilskapleg utvikling av spelar/elev og miljø. Sjølv om det lenge har vore eit tett samarbeid mellom klubbane og skulen, har dette prosjektet bidrege til at samarbeidet er endå tettare no. Dette har ført til eit styrkja miljø som igjen fører til betre rammer for utøvarane å utvikle seg gjennom.

Spissa idrettstilbod i volleyball



Elevar «Spissa idrettstilbod i volleyball» 2012-2013:

Bauge	Daniel	1STC
Holvik	Sondre	1STC
Hornnes	Simen Johanssen	1STC
Langlo	Jonas Vindedal	1STC
Mallasvik	Martine	1STC
Nore	Karoline	1STC
Pedersen	Ole Bjørn Eithun	1STC
Standal	Kristin	1STC
Stokkevåg	Kristian	1STC
Tetenborg	Marie	1STC
Vagstad	Kjetil Holmar	1STC

Bergum	Øystein Larsen	2STB
Wiik	Mona	2STD
Fossøy	Maria Sandbakk	2STD
Jensen	Solveig	2STD
Viken	Martine	2STD
Os	Ivar Sommer	2STD
Finsrud	Bente	2STD

16 elevar starta opp i august. I tillegg tok vi inn Bente Finsrud som slutta på Toppvolley Norge etter å ha vore der skuleåret 2011-2012. Ivar Sommar Os slutta på idrettslinja i Sogndal og slutta seg til opplegget i september.

Første året valde ein å ta inn 11 elevar på Vg1. Det viste seg straks at dette var litt mange og at norma på 5 kunne vere meir passeleg. Vi ser av inntaket til Vg2 (2013-2014) at det er 5 av desse som held fram med volleyball.

Elevar «Spissa idrettstilbod i volleyball» 2013-2014:

Berge	Andrea Kvamme	1STD
Ødegaard	Tarjei Solheim	1STC
Tvinde	Julie Schrøder	1STD
Thue	Petter Selstad	1STC
Rygg	Hanne Opseth	1STD
Holvik	Sondre	2STC
Langlo	Jonas Vindedal	2STC
Mallasvik	Martine	2STC
Nore	Karoline	2STC
Pedersen	Ole Bjørn Eithun	2STC
Bergum	Øystein Larsen	3STB
Wiik	Mona	3STD
Viken	Martine	3STD
Os	Ivar Sommer	3STD
Finsrud	Bente	3STD
Fossøy	Maria Sandbakk	3STD
Sollid	Fredrik	1STC
Hoff	Vegard Johan	1STC

For skuleåret 2013-2014 vart det teke inn 15 elevar. I samråd med region Sogn og Fjordane i volleyball og Førde volleyballklubb utvida ein med 3 elevar på treningane (Maria S. Fossøy (som var deltakar 2012-2013) og Fredrik Sollid og Vegard Johan Hoff som starta på Vg1.

Elevar i «Spissa idrettstilbod i volleyball» 2013-2014 resultat/prestasjonar:

Andrea Kvamme Berge – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til landslaget U17 og U19. Vann m.,a. gull med U17 i nordisk meisterskap.

Tarjei Solheim Ødegaard – Etablert seg på 1.divisjon Førde VBK,

Julie Schrøder Tvide – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til landslaget U17 og U19, vart skada sist sesong, er no på full fart tilbake. Spelte m.a. EM.-kvalifisering i Moskva (U19).

Petter Selstad Thue – Etablert seg på 1.divisjon Førde VBK, utteken landslaget U17.

Sondre Holvik – Etablert seg på 1.divisjon Førde VBK/elite Førde VBK, utteken til landslaget U17.

Jonas Vindedal Langlo- Etablert seg på 1.divisjon Førde VBK/elite Førde VBK, utteken til landslaget U17.

Hanne Opseth Rygg – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK

Martine Mallasvik – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til landslaget U17

Karoline Nore – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til landslaget U17 og U19.

Ole Bjørn Eithun Pedersen - Etablert seg på 1.divisjon Førde VBK

Øystein Larsen Bergum - Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til U-19 landslet (EM-kvik).

Mona Wiik – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK

Martine Viken – Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til U19 og seniorlandslaget.

Ivar Sommar Os - Etablert seg på elitelaget til Førde VBK, utteken til landslaget U19.

Bente Finsrud - Etablert seg på elitelaget til Førde VBK

Alle spelarane tek vidaregåande skule på normert tid. Fleire av spelarane har teke Toppidrett 1 som privatistar. Dette gjer at kan redusere omfanget av andre fag i skuletida.

Alle spelarane er knyta Førde VBK, som er ein av dei dominerande klubbane i landet. Her har dei oppnådd gode resultat både i U-17 og U19 meisterskapen. I tillegg var fleire av utøvarane med å tok sølvmedalje (elite herrar) og bronse (elite damer).

Som ei ser er dei fleste jentene i opplegget spelarar på Førde VBK sitt elitelag. Dette gjer at dei får eit særst godt tilbod gjennom dette samarbeidet. Vi ser også at fleire av gutane utviklar seg til å ta steget opp i eliten. Gutane i prosjektet får hospitere på elitelaget til Førde VBK. Fleire av dei er etter kvart tekne opp i troppen og etablert seg på laget. Fleire av spelarane som no tek til på Vg3 er aktuelle for troppen komande sesong. Mange av deltakarane er også aktive i Beach-volley og kan vise til toppplasseringar i dei ulike NM som blir arrangert.

(Hafstad vgs – volleyball)

- Eg er imponert

► Førde med 12 spelarar på landslagssamling

FØRDE: Landslagsstefen har latt seg imponere over volleyballspillet Førde har klart å bygge opp.

(utklipp frå Firda, 14.09.12))

Stryn vidaregåande skule

Evaluering av ordninga spissa idrettsilbod for potensielle toppidrettsutøvarar.

Bakgrunn.

Stryn vidaregåande skule fekk tildelt ordninga spissa idrettstilbod i skiskyting, ei idrettsgrein som over fleire år hadde vore ei satsing ved idrettslina på skulen. Opplæringstilbodet var lagt til rette med treningsøker på skiskyttaranlegget til Markane idrettslag på Ullsheim. Skulen hadde dessutan eit etablert og godt samarbeid med Team Statkraft Nordfjord om trening og oppfølging på samlingar og renn. Ordninga spissa toppidrett gjorde det mogleg å styrke tilbodet og satsinga ytterlegare.

Evalueringa.

I evalueringa skal skulen legge fram oversikt over resultat/prestasjonar for kvart årstrinn, sjå vedlegg 1 og 2. Resultata varierer frå år til år, og det er verdt å merke seg at det har samanheng med at tal utøvarar i klubbane varierer. Kullet som skulle starte i 2013 hadde svært få skiskyttarar frå Sogn og Fjordane, dessutan valde to av våre beste utøvarar å flytte skule til NTG Lillehammer før 2013-2014 sesongen. Grunnen til det var usikkerheit kring vidare eksistens av Stryn vidaregåande skule, Vi har derfor berre ein elev med skiskyting i denne klassen.

Resultat oppnådd undervegs og ved fullført vidaregåande opplæring for årstrinna 2012-13 og 2013-14 er vist i vedlegg 1. Jfr punkt 3 i kriteria for evaluering av ordninga.

Tilbakeblikk og samanheng

Sjølv om vi er bedne om å evaluere dei to åra med spissa toppidrettssatsing, meiner vi det er viktig å setje dette inn i den samanhengen det høyrer til i og ha eit lengre perspektiv på satsinga innan skiskyting .

Stryn vidaregåande skule har hatt tilbod til utøvarar som ynskjer å nå eit høgt nasjonalt/internasjonalt nivå i skiskyting sidan 1992. Om vi går tilbake til dei som gjekk ut av skulen i 2012 og fram til i dag, har 50% av våre utøvarar oppnådd topp tre plasseringar i Norgescuprenn eller Norgesmeisterskap. Dette er sær gode tal, og det blir også lagt merke til på nasjonalt plan. I sesongen 2011/2012 var Stryn vgs den skulen i landet med best resultat rekna i nasjonale -og internasjonale medaljar.

Med bakgrunn i dette perspektivet legg vi ved ein resultatoversikt for perioden 2009 -2013.

Vedlegg 2

Verdt å merke seg:

Både mellom årets VG1 elevar og dei som går i 10.klasse, er det mange svært spanande løparar. Både for desse og framtidige skiskyttarar vil det vere svært viktig med ei toppidrettstilrettelegging for skiskyting i fylket. Om ikkje vil mange av desse velje å gå på toppidrettsgymnas utanom fylket. I ein såpass liten idrett som skiskyting, er det viktig å sjå ting litt over tid. Sjølv om resultatata i 2013-2014 ikkje var så bra som dei føregåande åra, betyr ikkje det at tilbodet er blitt dårlegare. Vi hadde denne sesongen diverre mykje sjukdom mellom våre antatt beste løparar. Det var derfor gledeleg å sjå at andre tok store steg og brått var med og kjempa mellom dei aller beste i si klasse. Over tid meiner vi likevel skulen har bevist at tilbodet vi gjev er på høgde med dei beste skiskyttargymnasa i landet.

Resultata viser også at det er fullt mogleg å gå på skule i heimfylket og samstundes bli både blant landets beste og verdas beste. Johannes Thingnes Bø er eit bevis på dette , men det er også fleire av våre utøvarar som har hevda seg på høgt nivå. Jarle Midthjell Gjørven gjorde det godt i junior VM sist år. Desse to saman med Johann Eirik Meland var også med å vinne NM senior stafett i 2014. Dette til trass for at alle tre framleis heldt junioralder. Håvard Bogetveit var fjerdemann på laget. Dette viser også at fleire av våre utøvarar held fram og gjer nye framgangar etter at dei er ferdige ved Stryn Vgs.

Dei to åra spissa toppidrettssatsing har vore, har også elevane hatt mange gode resultat. Endå meir gledeleg er det å sjå framgangen til mange av utøvarane.

Vedlegg:

1. Resultat 2012-2014
2. Resultat 2009-2013

Vedlegg 1

Resultat/ plasseringar i skuleåret 201-13 og skuleåret 2013-14

Viser til p.3 i kriteria for evalueringa

- a) Uttak/deltaking i prestasjonsgrupper på særforbunds nivå som landslag eller satsingsgruppe:
Isak Flo Bødal vart teken ut til juniorlandslaget vinteren 2014
- b) Oppnådde plasseringar i nasjonale eller internasjonale stemne.
Årstrinna 2012-13 og 2013-14 i kvar sine tabellar:

2012-13			
	Sommar-NM	Jr-NM (del 1)	Jr-NM (del 2)
Gull	Jaktstart. Johan Eirik Meland	1) Mix-stafett 17-18 år: Mari Solli Eide, Lars M.Gjørven og Isak Flo Bødal 2) Mix-stafett 17-21 år: Heidi Flo Bødal	
Sølv	1) Sprint: Isak Flo Bødal 2) Jaktstart: Isak Flo Bødal	Fellesstart: Helge Kvam Karbø	1) Normal: Johan E. Meland 2) Stafett M 17-21 år
Bronse	Sprint: J.M.Meland		

2013-14
- 3. plass NC Mari Solli Eide - 3. Plass NC Inga Elise Vik - 3. Plass NC Trygve Åland Tryggestad I tillegg hadde vi tre andre løparar inne mellom dei 10 beste i NC eller NM.

Vedlegg 2

Medaljeoversikt skiskyttarelevane Stryn vgs 2009-2013

	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	Sum
Gull	3	10	16	3	32
Sølv	1	3	4	5	13
Bronse	0	0	3	1	4

2009/10:

- Sommar-NM: 2 gull (Johannes Thingnes Bøe: sprint og jaktstart).
- Jr-NM: 1 gull (Jarle M. Gjørven: normal) og 1 sølv (Johannes T. Bøe: sprint).

2010/11:

- Sommar-NM: 4 gull (Johannes: sprint og jaktstart. Johan Eirik: sprint og jaktstart), 1 sølv (Jarle: jaktstart).
- Jr-NM: 4 gull (Johannes: sprint og normal. Jarle: jaktstart. Johan Eirik: jaktstart), 1 sølv (Jarle: sprint)
- Ungdoms-OL: 1 gull (Johannes: sprint) og 1 sølv (Johannes: normal).
- Jr-NM (langrenn): 1 gull (Johannes: skøyting).

2011/12:

- Sommar-NM: 5 gull (Johannes: sprint og jaktstart. Isak: sprint og jaktstart. Heidi: sprint), 2 sølv (Jarle: sprint og jaktstart) og 1 bronse (Heidi: jaktstart).
- Jr-NM (del 1): 1 gull (Johan Eirik: fellesstart), 1 sølv (Heidi, Jarle og Johann Eirik: mix-stafett 17-19 år), 1 bronse (Helene: mix-stafett 17-21 år).
- Jr-EM: 1 gull (Johannes: stafett), 1 sølv (Johannes: normal) og 1 bronse (Johannes: jaktstart).
- Jr-VM: 3 gull (Johannes: stafett, sprint og jaktstart).
- Jr-NM (del 2): 4 gull (Johan Eirik: normal. Johannes: normal, sprint og stafett ilag med Jarle).
- Jr-NM (langrenn): 2 gull (Johannes: 10 km skøyting og stafett).